

PRØVEFISKERESULTAT – SKAUPSJØEN 2001

Omtale av vatnet:

- Totalarealet er 288 ha, av dette utgjør delen som ligg på Eidfjord statsallmenning 32 ha, resten ligg i Nore og Uvdal kommune og er eigd av Jarle Langeland og Stein Flaata.
- Vatnet har ei strandline på om lag 26 km.
- Høgda over havet er 1158 m.
- Vatnet har ein stor og fleire mindre innløpsbekkar og utløpselva, Skaupa, som renn ut i Halnefjorden. Gytteforholda er vurdert å vera gode.
- Før ørekyta vart registrert vart det årleg fiska om lag 7-800 kg aure, ca 2,5 kg/ha. Det vart slept 2000 eittårig aure av Halne stamme i 2000, vidare vart det slept 1000 eittårig aure av Halne stamme i april 2002. Grunneigarane opplyser at det tidlegare ikkje har vore slept setjefisk i vatnet.
- Det vart ikkje teken vassprøve i samband med prøvefisket, men vasskvaliteten er vurdert å vera god sett på grunnlag av geologien i største del av nedslagsfeltet i nord og vest som er dominert av fylitthaldige bergartar.
- Minste tillate maskevidde på Eidfjord statsallmenning sin del er 45 mm.

Fiskeartar:

Aure er einaste naturleg førekommande fiskeart. I tillegg har ørekyta vandra inn og etablert seg i vatnet. Ørekyta vart fyrst registrert i Halnefjorden i 1982-83, og det er ingen vandringshinder opp til Skaupsjøen.

Omtale av fisket:


Skaupsjøen vart prøvefiska i 2 omgongar;

1. 26.-27. juni 2001 vart Skaupsjøen prøvefiska med tre Jenssen prøveserier, deltakarar var Jarle Langeland, Anders Vaksdal og Gunnar Elnan.
Prøvefisket vart gjennomført i stille klart ver med god varme. Samla fangst var 22 aurar.
2. 14.-15. august 2001 vart Skaupsjøen prøvefiska med to Jenssen prøveserier, deltakarar var Anders Vaksdal, Trond Aalstad, Åsmund Tysse, Gunnar Elnan og Ove Gåsdal. I tillegg vart innløpsbekken i nord, samt 2 bekkar på vestsida og ein ved naustet på austsida, el-fiska. El-fisket var gjennomført for å få eit bilete av kor langt ørekyta var spreidd på bekkane.
Prøvefisket vart gjennomført i roleg lettskyt ver. Samla fangst var 17 aurar.

Prøvefiskematerialet er i etterkant slått saman og vurdert under eit. Lengde, vekt, kjøtfarge, mageinnhald, kjønn og parasitt, vart registrert for kvar fisk. I tillegg var skjellprøve teken frå kvar fisk for seinare analyse.

Eg gjer eit utdrag av resultata i det følgjande:

- Samla fangst var 39 aurar med totalvekt på 8,946 kg, som gjev eit snitt på 229 g.
- Marflo var dominerande mageinnhald i to av fiskane frå fisket i juni, 14 aurar hadde spist ørekyte, elles var insekt og vårfluelarver innslag i mageinnhaldet.
- All aure over 25 cm lengde var ljøs raud eller raud i kjøtet, under 25 cm var 15% ljøs raud i kjøtet, resten kvit.
- Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var 1,00 med liten variasjon frå liten til stor fisk.
- Minste registrerte ho gytefisk var 35 cm.
- Førebeles skjellanalyse tyder på lite naturleg rekruttering, all aure vurdert til å vera 2 vintre gamal er utsett fisk.
- Fordeling av fangstane på lengdegrupper viser følgjande fordeling:



Serie 1 viser samla fangst, serie 2 viser berre villfisk

7 av 28 aurar under 28 cm er vurdert å vera villfisk.

Fiske med elektrisk fiskeapparat:

14.08 vart det fiska med elektrisk fiskeapparat med føremål å sjå kor langt ørekyta var spreidd. Innløpsbekken i nord vart fiska på potensielle plassar, ikkje kontinuerleg, frå Lundhauketjørn og ned mot Skaupsjøen. Ørekyta vart registrert nedstrøms foss i gjelet nedanfor Lundhaukenutane. Det var fanga eit fåtal bekkaurer.

Ørekyta var og registrert høgt opp i to bekkar på vestsida, den eine kjem frå småtjørn nord for Håsteinredet. Den andre kjem frå tjørn i Skaupsjøbrotet. Her var ikkje registrert aure.

Bekken som renn ut med naustet på austsida vart el-fiska opp til brekket før fyrste stille dam i bekken. Aure, ikkje yngel, var registrert fåtallig i bekken heile vegen.

Konklusjonar:

- Ørekyta er spreidd like langt opp i småbekkar som auren. Fossen i innløpselva i nord er vurdert å vera god nok som sperre for vidare vandring vestover.
- Auren går over til å vera fiskespisar frå ca 20 cm lengde. Ørekyta er til stades i store mengder i vatnet.
- Det er marflo i vatnet, men bestanden er truleg liten då marfloa berre dominerte i to mageprøvar.
- Kondisjonsfaktoren på auren er normalt god og aurestamma i vatnet er i balanse med næringsgrunnlaget slik det er no.
- Fangstresultatet tyder på sviktande rekruttering av aure.

Tiltak grunngjeve i fiskerettshavarane sitt ynskje om å kunna ha aktivt fiske:

Fiskerettshavar har mål om å ta opp 200 kg aure årleg. Dei er samstundes innstilt på å fiska med ruser etter ørekyte på bekkane og i vatnet. Det er gjort avtale med to pensjonistar som skal stå for rusefiske i 3-4 veker.

- Rekrutteringssvikt skuldast i hovudsak ørekyta som næringskonkurrent og predator på aureyngel. Sikra rekruttering av aure, helst på naturleg måte, bør vera fyrsteprioritet. Fiskereglane må sikra at det er tilstrekkeleg gytefisk att til naturleg rekruttering. Auren bør

ikkje fiskast på før den når 40-45 cm. Enkle vandringshinder bygd for hand kan gje aureyngel betre vilkår for overleving. Meir omfattande tiltak med bruk av maskin, krev løyve frå vernestyresmakter. Det er viktig å følgja med i kva omfang det er naturleg rekruttering.

- Utsetjing av eittårig fisk vil i fyrste omgang vera å sikra bestanden, og så får tida vise om naturleg rekruttering vil ta seg opp at. Utsetjingane bør stå i forhold til forventa uttak. Fangstregistreringane frå Halnefjorden viste ei halvering i fangstane etter at ørekyta var etablert. Det er forventa ein tilsvarande eller større nedgong i fangstane i Skaupsjøen, fordi ørekyte truleg har betre livsforhold der enn i Halnefjorden. Det bør i fyrste omgang ikkje setjast ut meir enn 1.000 eittårig setjefisk i Skaupsjøen.
- Setjefisken bør vera av Skaupsjø-stamme. Genetiske testar tyder på at Skaupsjøstamma er ulik Halnestamma. Storvokst aure på 5-6 kg i Skaupsjøen, tyder på aurestamme med godt vekstpotensiale som bør førast vidare. Setjefisk bør merkast for å måle effekten av utsetjinga. Samstundes er det mogleg å sjå kor mykje naturleg rekruttering det er i vatnet utan å gjera skjellanalyser.
- Tynningsfiske etter ørekyta er eit viktig kultiveringstiltak. Rusefiske har i mindre tjørn vist seg effektivt. Effekt på store vatn som Skaupsjøen har ein lite erfaring frå. Kondisjon på auren tyder på at næringsgrunnlaget ikkje tåler ei mykje større aurestamme i tillegg til ørekyta. Generelt vil ørekyta som eit ekstra ledd i næringskjeda resultera i lågare aureproduksjon og dermed mindre avkastning. Mengden ørekyte må reduserast skal ein oppretthalda samme kvaliteten på auren.
- Størst effekt i produksjon av aure, vil på sikt vera stor vedvarande desimering av ørekytestamma i vatnet. Ideelt bør det minst takast ut like mengder i kg med ørekyte som aure. Dvs er målet å ta ut 200 kg aure, og det vert fiska det med 20 ruser i 30 dagar, skal kvar ruse fiska 0,33 kg ørekyte kvar dag!
- Før fangstdagbok. Både fangstar på stong, ruse og garn må registrerast. Antal, rund vekt og utsatt/vill. Legg til rette for god registrering med fangstdagbok på hytta, gjerne inndelt i kolonner, slik at registreringane vert dei same frå dag til dag. I tillegg må det vera påliteleg vekt og litermål for ørekyta. Det må førast dagbok over ørekytefangst, der antal ruser, fangst og plassering er notert.

Sluttord:

Tilrådingane frå undersøkingane sumaren 2001 er så langt me meiner å ha fagleg dekning for. Fangststatistikk og nye oppfølgjingar om nokre år vil gje meir konkret kunnskap som grunnlag for betre forvaltning.

Eidfjord, 07.05.2002

Gunnar Elnan og Åsmund Tysse